

Kunnskap, regime og kunnskapsregime.

Om bruken av omgrepet kunnskapsregime

Knowledge, Regimes and Knowledge Regimes

On the Uses of the Concept of Knowledge Regimes

Håvard Brede Aven

Stipendiat

Senter for profesjonsstudier, OsloMet – storbyuniversitetet

aven@oslomet.no

SAMMENDRAG

Omgrepet kunnskapsregimer fekk stor merksemd i skandinavisk akademisk og offentlig debatt frå og med utgjevinga av Rune Slagstad si bok *De nasjonale strateger* i 1998, og blei etablert som eit sentralt omgrep i skandinavisk kunnskapshistorie og kunnskapssosiologi. Men mykje på grunn av at Slagstad har vore sparsom med presiseringar av nøkkelomgrepet (og inspirasjonen bak det), har mottakinga vore prega av ei viss forvirring over korleis det skulle forståast (Rudeng, 1999). I denne artikkelen identifiserer eg først ei lang rekke ulike måtar omgrepet har blitt brukt på av Slagstad. Deretter samanliknar eg bruken av omgrepet hos Slagstad med den nyare bruken av omgrepet knowledge regimes innan samanliknande politisk økonomi og kunnskapssosiologi (Campbell & Pedersen, 2014, 2015), som også inneber mange nokså ulike tydingar og vektleggingar.

Til tross for nokså like teoretiske utgangspunkt, ender dei opp med temmeleg ulike forståingar av kunnskapsregime. Felles for dei fleste måtane Slagstad nyttar omgrepet på, er at han set staten og fagbyråkratiet i sentrum. Han nyttar mellom anna omgrepet om fagsamansetnaden i statsapparatet og om at ulike kunnskapsformer har hatt ulik innverknad og ulik grunngeving på ulik måte til ulike tider. Campbell og Pedersen nyttar derimot omgrepet kunnskapsregime om kunnskapsorganisasjonar utanfor eller i randsona til staten, og nyttar det om organisasjonar som tenketankar og forskingsinstitutt, ikkje om den skiftande innverknaden til ulike profesjonar. Sjølv om alle bruksmåtane viser til former for samspel mellom kunnskap og politikk, gjer bruken av kunnskapsregime om ulike nivå og til dels på

så ulike måtar at det er nærliggande å forstå det som fleire ulike omgrep heller enn variasjonar over det same. Eg foreslår likevel at vi alternativt kan forstå Slagstad's kunnskapsregime som eit idiom eller medvite fleksibelt omgrep som opnar for at samspelet mellom kunnskap og politikk er omskifteleg.

Nøkkelord:

kunnskapsregime, kunnskapssosiologi, kunnskapshistorie, profesjonssosiologi, ekspertise

ABSTRACT

The concept kunnskapsregimer (“knowledge regimes») gained considerable attention in Scandinavian academic and public debate following the publication of Rune Slagstad’s book *De nasjonale strateger [The National Strategists]* in 1998. It has since become a central concept in Scandinavian history and sociology of knowledge. In part due to Slagstad’s lacking clarifications of the central concept (and the inspiration behind it), however, the reception of the book has been marked by a certain confusion over how to interpret it (Rudent, 1999). In this article I first identify a number of different ways in which Slagstad himself has used the term. Thereafter, I compare his use of the concept with the more recent use of the concept knowledge regime in comparative political economy and sociology of knowledge (Campbell & Pedersen, 2014, 2015), which also entails several different meanings and emphases.

Slagstad’s many uses of the concept focus on the state, for instance by highlighting the changing composition of professions within the bureaucracy and by identifying the shifting influence of different forms and justifications of scientific knowledge. Campbell and Pedersen, on the other hand, use the concept about knowledge organisations outside the state, analyzing the role of organisations like think tanks and policy-research institutes rather than the shifting influence of scientific disciplines. Although all the ways in which the concepts has been used point to the intersection of knowledge and politics, the variety of uses and analytical levels suggest that the term *knowledge regime* covers several different concept rather than variations of one concept. Alternatively, I suggest that we should understand Slagstad’s *knowledge regimes* as an idiom or a consciously flexible concept, highlighting the constantly shifting character of the interplay between knowledge and politics.

Keywords:

knowledge regimes, sociology of knowledge, history of knowledge, sociology of professions, expertise

INNLEIING

Omgrepet *kunnskapsregimer* fekk stor merksemd i skandinavisk akademisk og offentleg debatt frå og med utgjevinga av Rune Slagstad si bok *De nasjonale strateger* (1998). I denne omfattande sameininga av politisk historie, kunnskapssosiologi og idéhistorie, skriv Slagstad fram den moderne norgeshistoria som ei historie om skiftande kunnskapsregime: Frå embetsmannsstatens juridiske kunnskapsregime (1840–1884), via venstrestatens pedagogiske kunnskapsregime (1884–1940) til arbeidartistatens positivistiske kunnskapsregime (etter 1945), og sidan eit mindre einskapleg kunnskapsregime frå 1970-talet. Med opplags- og siteringstal som er høgare enn dei fleste norskspråklege samfunnsvitskapelege bøker (og artiklar),¹ er det få norske handteringar av forholdet mellom vitskapeleg kunnskap og politisk makt som har fått så stor merksemd og innverknad. Men mykje på grunn av at Slagstad har vore sparsom med presiseringar av nøkkelomgrepet kunnskapsregime både her og i seinare artiklar (Slagstad, 2004, 2008, 2014a, 2015), har mottakinga vore prega av forvirring over korleis ein skal forstå det (jf. Rudeng, 1999). Dermed kan ein spørje seg: Kva er eigentleg dette for slags omgrep?

Slagstad si bok fungerte dels som ei fagleg oppsummering av viktige forskingsprosjekt ved Institutt for samfunnsforskning (som Slagstad sjølv har vore tilknytta) og Senter for teknologi og menneskelige verdier på 1980- og 90-talet, som tok for seg samspelet mellom fagstyre, teknokrati, statleg politikk og det som blei kalla menneskelege verdier. Samtidig var boka retta mot, og vakte merksemd hos, eit langt breiare publikum enn det faginterne. Begge desse forholda gjer det viktig å forstå, og diskutere, det sentrale omgrepet kunnskapsregime og kva det har blitt og kan bli brukt til. For å svare på dette vil eg i det følgjande først uteske *bruken* av omgrepet hos Slagstad, og vise korleis dei mange bruksmåtene inneber fleire ulike tydingar. Deretter vil eg kontrastere Slagstads kunnskapsregime med den nyare bruken av omgrepet *knowledge regime* som den amerikanske sosiologen John L. Campbell og den danske statsvitaren Ove K. Pedersen (2014; 2015) har tatt til orde for, og som har blitt teken opp att av norske samfunnsforskarar og til dels av Slagstad sjølv (2015). Campbell og Pedersen har til felles med Slagstad at dei studerer bruken av kunnskap, og særleg samfunnsvitskap, i offentleg politikk, og at dei kombinerer kunnskaps- og profesjonssosiologiske tilnærmingar med politisk-historiske tilnærmingar. Dei ender, som eg vil vise, likevel opp med fleire ulike forståingar av kunnskapsregime.

Hensikta med denne utlegginga av ulike og til dels motstridande bruksmåtar av omgrepet er vel å merke ikkje å forkaste det, ei heller å lande på éin føretrukken definisjon. Som Margaret Masterman (1970) understreka då ho identifiserte 21 ulike måtar Thomas Kuhn brukte det beslektede omgrepet paradigme, treng ikkje ei slik kritisk lesing å undergrave bruken av eit omgrep. Eg foreslår snarare at vi også kan forstå omgrepet kunnskapsregime, slik Slagstad brukar det, som eit ope fleksibelt omgrep. Ei slik forståing er på line med Sheila Jasanoff sitt forsvar for det like fleirtydige omgrepet «co-production of knowledge». Sjølve

1. I følgje Google Scholar er *De nasjonale strateger* i skrivande stund sitert i 568 andre bøker og artiklar, meir enn for eksempel ein klassiker som Lysgaard's *Arbeiderkollektivet*, der tilsvarande tal er 445. Til samanlikning er oppsummeringa av maktutredninga, *Makten og demokratiet* (Østerud, Engelstad & Selle, 2003), sitert 164 gonger, og Francis Sejersteds *Demokratisk kapitalisme* 127.

omgrepet kunnskapsregime har enda meir til felles med tittelen på ein av antologiane ho står bak, *States of Knowledge* (2004). Både «regime» og det engelske «state» kan på den eine sida vise til staten, og på den andre sida til ein form for tilstand. Denne dobbelttydinga pregar Slagstad sin bruk, men er mindre framtrudande hos Campbell og Pedersen. Slagstad står i tillegg i eit spenn mellom det første og det siste leddet av ordet kunnskapsregime, mellom å betone *kunnskapen* og å vektlegge *regime* forstått som regjeringar eller statleg politisk makt. Jasanoff har imidlertid lagt meir eksplisitt vekt nettopp på at omgrepa er fleirtydige. I tråd med hennar forsvar for slike omgrep, kan vi forstå kunnskapsregime som ein seiemåte eller eit idiom som opnar for ei rekke ulike tilnærmingar, snarare enn som ein einskapleg teori eller eit klart avgrensa analytisk omgrep.

DEFINISJONANE

Før eg går vidare til å samanlikne bruken av omgrepa hos Slagstad, Campbell og Pedersen meir utførleg, vil eg kort presentere dei ulike definisjonane forfattarane sjølve tilbyr. Slagstad (1998) introduserte omgrepet med desse orda: «Moderniseringen av Norge er historien om skiftende kunnskapsregimer, formet av en varierende konstellasjon av makt, kunnskap og verdi» (s. 18). Dette er det nærmaste Slagstad sjølv kjem ein definisjon av omgrepet i *De nasjonale strateger*.

Nokre år seinare oppsummerte Slagstad argumentet for engelskspråklege lesarar i tidskriftartikkelen «Shifting Knowledge Regimes». No var dei vekslende kunnskapsregima ikkje lenger berre *forma av*, dei *var* «a constellation of political power, legal normativity, and scientific knowledge» (Slagstad, 2004). I denne definisjonen, som han seinare nytta i to norske artiklar (Slagstad, 2008, s. 54, 2014a, s. 41), er makta avgrensa til *politisk* makt. Kunnskapen er også spesifisert som *vitskapeleg* kunnskap; samtidig er ordet «verdi» inn-snevra til «rettslig normativitet». Her landar vi altså på ein tilsynelatande snevrare definisjon – men berre tilsynelatande, for i den sistnemnde artikkelen opnar han også for ei langt vidare forståing:

En helhetlig, historisk-sosiologisk teori om «kunnskapsregimer» vil måtte bero på en konstellasjon av flere komponenter: politisk makt, rettslig normativitet, vitenskapelig kunnskap, kulturelle verdier og økonomiske konjunkturer (Slagstad, 2014a, s. 42).

Her er altså «verdi» i breiare forstand brakt inn att i falden og kopla til «kultur», samtidig som Slagstad indikerer at kunnskapsregime også heng saman med økonomiske endringar. Som definisjon opnar dette for fleire tydingar enn den opphavlege definisjonen, men dekkjer, som vi skal sjå, med dét også fleire av dei mange samanhengane omgrepet blir brukt i gjennom *De nasjonale strateger*.

Fråveret av eintydige definisjonar forklarar kanskje noko av mangelen på referansar til Slagstad når ein annan inkarnasjon av omgrepet, henta frå samanliknande politisk økonomi (Campbell & Pedersen, 2014, 2015), blir tatt i bruk blant samfunnsvitarar i Norge (Christensen, 2017; Christensen, Gornitzka & Holst, 2017). Parallelt med at Slagstad presenterte ein stadig breiare teori om skiftande kunnskapsregime, publiserte Campbell og

Pedersen resultatene av eit forskingsprosjekt som også hadde kunnskapsregime som eit sentralt omgrep – men her i ei langt snevrare tyding. Slik dei definerte det, er kunnskapsregime «fields of policy research organizations and the institutions that govern them». Dei framhevar at denne typen organisasjonar – frå tenketankar til forskingsinstitutt – er sentrale leverandørar av kunnskapsgrunnlag for utforming av offentleg politikk (Campbell & Pedersen, 2014, s. 3).

Sidan Slagstad sine definisjonar av omgrepet opnar for ei rekke ulike tydingar, er dei heller ikkje direkte i strid med Campbell og Pedersen sin definisjon. Skilnaden ligg i at Slagstad sine definisjonar gjer det langt ifrå openbert om vi skal forstå kunnskapsregime som ein form for kollektive aktørar (for eksempel ei regjering eller fagbyråkratar), som ein samlande karakteristikk av ein periode, eller om vi skal forstå omgrepet som ein meir allmenn teori om utviklinga av forholdet mellom vitskap, verdiar og politisk makt. For å få ein klarare idé om kva dette eigentleg er slags omgrep og kva ein kan bruke det til, er det derfor naudsynt å sjå korleis det har blitt brukt. Sjølv om Campbell og Pedersen opererer med ein strengare definisjon, og det er den som blir sitert og brukt i dei nyare norske arbeida (Christensen, 2017; Christensen et al., 2017), ser det ut til at også denne definisjonen opnar opp for nokså ulike bruksmåtar.

Slagstad sin tidlege bruk av omgrepet blei diskutert i eit knippe av meldingane og debattinnlegga som fulgte lanseringa av *De nasjonale strateger*, samla i antologien *Kunnskapsregimer* (Rudeng, 1999). Eg vil trekke vekslar på og bygge vidare på desse bidraga når eg no ser nærare på dei ulike bruksmåtene til omgrepet kunnskapsregime – først hos Slagstad, sidan hos Campbell og Pedersen.

KVA ER RELEVANT KUNNSKAP?

De nasjonale strateger inneheld ikkje noko samanfatta metodisk eller teoretisk innleiing. Som somme påpeika ved lanseringa (Skirbekk, 1999), viser Slagstad kun til inspirasjonen for det sentrale omgrepet kunnskapsregime i éin sluttnote. Sidan den er den einaste, og sidan antologien den er ein del av også er ei uttalt inspirasjonskjelde for Campbell og Pedersen (2014, s. 10), vil eg først ta for meg denne eine referansen. Artikkelen av den amerikanske statsvitaren Ira Katznelson, som Slagstad her refererer til, blei publisert i boka *States, Social Knowledge and the Origins of Modern Social Policies*, redigert av statsvitarane Theda Skocpol og Dieter Rueschemeyer på midten av 1990-talet (Rueschemeyer & Skocpol, 1996). Korkje Katznelson eller øvrige bidragsytarar brukar omgrepet kunnskapsregime. Derimot skriv han om det som kan seiast å vere ein føresetnad for fleire, men ikkje alle, tydingar av ordet kunnskapsregime: etableringa av vitskapelege disiplinar som hadde som formål å skaffe til veges kunnskap om samfunnet, og oppkomsten av organisasjonar og personar som i kraft av å tilhøyre slike disiplinar greier ut ulike alternativ for statlege politiske avgjerder.

Som eksempel brukar Katznelson (1996) sosialpolitikk i Storbritannia i tiåra kring forrige århundreskifte. Medan ein kan argumentere for at ei tredeling mellom staten som sjølvstendig aktør, marknaden og sivilsamfunnet kan sporast lenger tilbake i tid i Vest-Europa, hevdar Katznelson at det tidlege 1800-talet var prega av to motstridande tenden-

sar innan denne tredelninga. På den eine sida omfatta marknaden no også arbeidskraft. På den andre sida blei arbeidarane, som altså solgte arbeidskrafta si, i aukande grad rekna som medlemmer av sivilsamfunnet med fulle borgarrettar. Denne spenninga mellom kommodifisering av arbeidskraft og utvida borgarrettar var det politiske tenkarar forsøkte å forstå og løyse, gjennom å utvikle nye former for kunnskap om korleis staten skulle opptre and-synes sivilsamfunnet og marknaden. *Policy-intellektuelle* – som Ricardo, Malthus og Mill – freista utvikle måtar for staten å legge til rette for marknaden og samtidig moderere økonomisk ulikskap og dårlege arbeidstilhøve.

Frå Katznelson har Slagstad først og fremst henta spørsmålet «knowledge about what», altså kva politikarar har rekna som relevant kunnskap for staten. Poenget til Katznelson var at den historiske utviklinga til kunnskap *om* politikk og bruken av kunnskap *i* politikk ikkje kan reduserast til reine rasjonaliseringar av økonomiske interesser. Rett nok avgrensar ikkje Slagstad si analyse seg til spørsmålet om kunnskap *om kva*, men tar også for seg kunnskap *for kven* og særleg kunnskap *for kva*. Like fullt har vi her eit felles utgangspunkt for omgrepet kunnskapsregime: Slagstad – og Campbell og Pedersen – sin bruk av omgrepet legg til grunn at den politisk relevante kunnskapen og aktørane som skaper og formidlar den, ikkje berre reflekterer eller legitimerer underliggende sosiale strukturar.

ER EIT KUNNSKAPSREGIME EIN AKTØR ELLER EIN PERIODE?

Korleis brukar dei så omgrepet? Lat oss starte med Slagstad. Eit første, avgjerande poeng er at med *De nasjonale strateger* let Slagstad seg innrullere i ein slitesterk historiefagleg tradisjon. Historikarar har skrive omfattande og samanfattande norgeshistorier sidan etableringa av faget som akademisk disiplin i landet (Heiret, Ryymin & Skålevåg, 2013). Nasjonale, historiske synteser av denne typen har ikkje berre vore ein inngrodd vane og tidvise kommersielle suksessar, men har også blitt løfta fram som eit viktig mål for både formidlinga og for forskinga som sådan (jf. Sejersted, 1993), og kan sjåast som eit motstykke til dei sporadiske ambisjonane om samtidsdiagnosar blant norske sosiologar (Aakvaag, 2011).

Slik har norgeshistoriene også vore innlegg i debattar om kva for fenomen, tenkemåtar, grupper og hendingar som bør leggest vekt på, fortolkast og eventuelt forklarast i framstillingar av både fortidige og samtidige samfunn. Det er nettopp ein slik diskusjon Slagstad går inn i, ved å løfte fram kunnskap som eit sentralt tema for historiske synteser og posisjonere seg overfor særleg Francis Sejersted og Jens Arup Seip. Der førstnemnde konsentrerte seg om det politisk maktspelet, mildna Sejersted den noko kyniske historieskrivinga til Seip ved å legge vekt på den norske staten sin langvarige rettsstatlege karakter. Det Slagstad gjer, ifølge han sjølv, er å føye kunnskap til lista: Norgeshistoria er ei historie om kunnskap så vel som kynisk maktspel og rettsstatlege prinsipp.²

I *De nasjonale strateger* dukkar omgrepet kunnskapsregime opp når Slagstad presenterer dei to juristane, embetsmennene og statsmennene Frederik Stang og Anton Martin Sch-

2. Også Seip la stor vekt på koplingane mellom det politiske regimet og nye tendensar innan ulike vitenskapar (jf. Thue, 2016, s. 235f),

weigaard. Deira blanding av «demokratisk elitisme» og «vitenskapelig reformisme», hevdar han, la grunnlaget for og gav legitimitet til den norske embetsmannsstaten sin reformiver frå 1840-talet av. Her har vi første tyding av omgrepet: Når Slagstad (1998) skriv at «embetsmannsstaten var et kunnskapsregime» (s. 18-19), inneber det at det var eit politisk regime som var basert på og motivert av vitenskapelig kunnskap.

I same passasje legg han til at embetsmannsstaten var eit kunnskapsregime «med basis i jus og samfunnsvitenskap». Når han presenterer seinare kunnskapsregime, skil dei seg frå embetsmannsstaten ved å ha basis i andre kunnskapsformer. Her kjem altså spørsmålet «kunnskap om kva» inn: poenget er ikkje berre at politiske regime er basert på vitenskapelig kunnskap, men å understreke at kva form for kunnskap som pregar dei varierer. Dette motivet er klart formulert i artikkelen «Shifting Knowledge Regimes»: Omgrepet kunnskapsregime «gives such a regime supplementary institutional characteristics beyond the political and the legal: its identity is also determined by the forms of knowledge predominant in the political institution» (Slagstad, 2004, s. 2). Ein andre – og viktigare – bruksmåte for omgrepet er altså som ein karakteristikk av eit politisk regime. I tillegg til interesser, politisk ideologi og rettsystem, er regima prega av kva type kunnskap som blir verdsett og som gir legitimitet for utøving av makt.

Denne andre tydinga av kunnskapsregime kan imidlertid tolkast på fleire måtar. Ei første tolking er som karakteristikk av ei eller fleire regjeringar, altså (kollektive) aktørar. Slik kan ein understreke likskapar og ulikskapar mellom regjeringar. Men her må ein merke seg at Slagstad sjeldan brukar omgrepet kunnskapsregime om kortvarige skifte i forholdet mellom profesjonar og politiske aktørar når regjeringar trer av og på. Det er dei meir varige endringane som er i fokus. Ei andre og like nærliggande tolking blir dermed at omgrepet viser til tidsperiodar, og dermed fungerer som eit supplement til klassiske periodeinndelingar av norsk historie.

Ein vesentleg grunn til at omgrepet blir brukt for å karakterisere slike lengre tidsspenn, er truleg at Slagstad si identifisering av ulike kunnskapsregime følgjer Seip si periodisering av moderne norsk historie. Han bygger ut Seip sitt omgrep embetsmannsstaten, og føyer nye namn og karakteristikkar til det Seip (1963) kalla fleirpartistaten og ettpartistaten: Embetsmannsstaten (1814–1884) var såleis eit juridisk kunnskapsregime, venstrestaten (1884–1940) eit pedagogisk, og arbeidarpartistaten (1945–ca 1970) eit positivistisk eller sosialøkonomisk kunnskapsregime. Perioden etter 1970-talet, som Slagstad tar for seg under overskrifta «Skiftende fronter», skiljer seg derimot frå dei føregåande nettopp ved mangelen på eit identifiserbart, einskapleg kunnskapsregime. At Slagstad held på Seip si periodeinndeling som igjen er basert på *politiske* regimeskifte, bidrar samtidig til at det også i Slagstad si framstilling ofte er det politiske som får forrang.

KUNNSKAPSREGIME SOM DOMINERANDE DISIPLINAR ELLER SKIFTANDE SANNINGSREGIME

Når Slagstad slår fast at embetsmannsstaten var eit kunnskapsregime, er det ikkje snakk om at spesialiserte policy-intellektuelle lanserer løysingar, medan generalistutdanna politikarar gjennomfører dei. Der Katznelson konsentrerer seg om intellektuelle som ikkje

sjølve har ei sentral stilling i statsapparatet, kombinerte professorpolitikarane i Slagstad si framstilling derimot professorata sine med posisjonar i regjering og storting (og som næringslivsleiarar). Juristane forsynte ikkje berre embetsmannsstaten med idear, men utgjorde sjølve embetsverket. Det er i denne samanhengen Slagstad (1998) kallar 1800-talets embetsmannsstat for «juristenes stat» (s. 419) og eit «juridisk dominert kunnskapsregime». Her synest kunnskapsregime å bety at det var dei som hadde den relevante kunnskapen, juristane, som utgjorde regimet.

«Var embetsmannsstaten som kunnskapsregime juridisk dominert, fikk venstrestaten en dominans i det pedagogiske,» skriv Slagstad (1998, s. 143) om overgangen til det han identifiserer som eit nytt regime frå slutten av 1800-talet. Han tar i bruk omgrepet «lærerpolitiker», med mønstereksempelen Jørgen Løvland, læraren og stortingsrepresentanten som i ettertid er mest kjent for si rolle i unionsoppløysinga og som utanriksminister. Men det er ikkje eigentleg slike lærarpolitikarar som står i sentrum for Slagstads pedagogiske kunnskapsregime. Han trekk snarare fram lærarane som leiarar i lokalsamfunna og i «bygdesamfunnets offentlighet».

Ved sidan av denne lærarrollen og utbygginga av det offentlege skulevesenet, peikar Slagstad på pedagogikk i ein vidare og meir metaforisk forstand: «[D]et pedagogiske perspektiv på samfunnet» (s. 115) innebar mellom anna å oppdra folket til demokrati. Han viser også korleis ein pedagogisk inspirert «oppdragelsesoptimisme» påverka rettsvitenskapen i samband med straffereformar. Her ser vi altså minst to nye tydingar av kunnskapsregime: For det første er omgrepet utvida til også å gjelde gråsonene mellom statens lokale representantar og lokalsamfunna, og ikkje berre sentraladministrasjonen. For det andre peikar det på korleis ein vitenskap sitt verdsbilette kan prege både den politiske styringsmentaliteten og andre disiplinar.

Når det kjem til det han kallar arbeidspartistaten og perioden etter 1945, har Slagstad sin bruk av omgrepet kunnskapsregime vore nok ein annan. I *De nasjonale strateger* legg han vel så mykje vekt på at det var eit *positivistisk* kunnskapsregime som på kva profesjonar som dominerte:

Arbeidspartistaten var som kunnskapsregime positivistisk, langt mer enn sosialistisk. Regimet bygde på vitenskapens mobilisering, på en positivistisk forstått samfunnsvitenskap, en sosial ingeniørkunst modellert etter naturvitenskapen (s. 433).

Her er det verdt å merke seg at han skisserer ei spenning mellom positivisme og sosialisme, noko som implisitt opnar for ei meir uttrykkeleg politisk-ideologisk forståing av kunnskapsregime. Slagstad sjølv går ikkje lenger inn i ein slik diskusjon her, men andre har for eksempel foreslått at eit «sosialdemokratisk kunnskapsregime» (Østerud et al., 2003) blei etterfulgt av eit «nyliberalt kunnskapsregime» (Telhaug & Mediås, 2003).

I denne passasjen finn vi også igjen ideen om at disiplinær, i dette tilfellet naturvitenskapane, kan verke inn på praktiseringa av andre disiplinær – her eksemplifisert med ein positivistisk samfunnsvitenskap. Men vi anar også ei litt annleis tyding, nemleg at eit endra kunnskapsregime inneber ei endra vitenskapsfilosofisk grunngjeving av kunnskapen. Denne varianten av kunnskapsregime har meir til felles med det historikaren Kjetil Jacobsen (1994) kalla eit nytt positivistisk «vitensregime» (s. 239). Deler av denne framstil-

linga bygger då også på Jakobsens arbeid. Utan at Slagstad sjølv viser til Foucault i denne samanhengen, kan den også minne om foucauldianske sanningsregime eller episteme: Det vesentlege er ikkje berre kva som blir oppfatta som sant – men kva som er dei gjeldande reglane for korleis ein skal skilje sant frå usant, og korleis reglane er institusjonaliserte (jf. Foucault, 2002 [1970]; Foucault & Gordon, 1980, s. 109ff).

Både her og i seinare framstillingar blir sosialøkonomane gjennomgåande framstilt som sjølve ikkjøtinga av positivismen. Medan *De nasjonale strateger* altså karakteriserer arbeidartistaten som eit positivistisk kunnskapsregime, vekslar Slagstad seinare mellom å kalle det eit samfunnsvitskapeleg eller sosialøkonomisk kunnskapsregime (frå og med Slagstad, 2004).³ Det er vel å merke ikkje på grunn av den relative auken i andelen sosialøkonomar i embetsverk og regjering – andelen juristar var framleis langt høgare. «Mer enn i den kvantitative vekst lå sosialøkonomenes betydning i deres strategiske posisjonering,» hevdar Slagstad (1998, s. 327), med henvising til den overordna stillinga nasjonalbudsjettet fekk i nær sagt alt regjeringa føretok seg.

No fanst det vel å merke også personar som Arbeidarpartiets finans- og handelsminister og sentralbanksjef Erik Brofoss som kombinerte rollene som politkar og fagperson (Slagstad, 1998, s. 332). Men trass i slike innverknadsrike fagpersonar, fanst det i følgje Slagstad eitt maktsentrum, og «det hadde etter 1945 ett subjekt: Einar Gerhardsen» (s. 552). I den varierende konstellasjonen av makt, kunnskap og rett, var altså ikkje den profesjonelle kunnskapen overordna. Gerhardsen styrte ved hjelp av sosialøkonomien, men hadde sin maktbase i arbeidarrørsla og partiapparatet. Der embetsmannsstaten tidvis var styrt av professorpolitikkarar, var dei leiande politikarane i arbeidartistaten derimot «løst ut fra selve kunnskapen» (Jenssen, 1999, s. 82).

Samtidig som denne framstillinga peikar på at bruken av kunnskap i politisk styring hadde endra seg frå 1800-talet til midten av 1900-talet, inneber den ein ny bruk av omgrepet kunnskapsregime: Arbeidarpartistaten var eit sosialøkonomisk kunnskapsregime fordi sosialøkonomane var premissleverandørar for den økonomiske politikken, ikkje fordi dei var i fleirtal i regjeringa, på Stortinget eller i embetsverket.

Samtidig blei sosialøkonomane sine ambisjonar om å planlegge økonomien avgrensa av ein tiltakande kritikk av dei såkalla fullmaktslovene. Desse lovene skulle gi staten større rom for å legge føringar for korleis bedrifter investerte og prioriterte, men blei kraftig moderert som følgje av kritikk frå bedriftsleiarar og frå juristar både utanfor og innad i regjeringa (Slagstad, 2008, s. 62). Samtidig som sosialøkonomien no hadde overtatt den dominerande stillinga jussen hadde hatt tidlegare, hevda Slagstad (1998) derfor at «løsrivelsen fra jusen var bare en delvis løsrivelse». Arbeidarpartiets reformpolitikk var framleis kjenne-teikna av «modernisering gjennom lovvedtak» innanfor rammene av ein føreseieleg rettsstat (s. 419-421).

Atterhaldet om rettsvitskapen si kontinuerleg sterke stilling gjeld også den føregåande perioden som Slagstad kallar *venstrestaten* og karakteriserer som eit pedagogisk kunn-

3. Slagstad kan ha lagt større vekt på sosialøkonomane som profesjon på grunn av at artiklane blei skrivne til antologiar om høvesvis profesjonsstudiar (Molander & Terum, 2008) og profesjonane si historie (Messel & Slagstad, 2014).

skapsregime. Pedagogikken pregar nemleg berre éin av to delar av Slagstad si forteljing om venstrestaten i *De nasjonale strateger*. Også den andre delen, om «venstrekapitalismen» og statens rolle i industriutbygging og økonomisk fordeling, set samspelet mellom kunnskap, rett og makt i sentrum. Her glimrar vel å merke omgrepet kunnskapsregime med sitt fråvere. I mangt minner likevel både persongalleriet og tema om framstillinga av embetsmannsstaten: Politikarar og embetsmenn kombinerte sin eigen juridiske fagbakgrunn med samfunnsvitskapelege teknikkar for å hente inn kunnskap om samfunnet rundt. Det gjeld for eksempel Johan Castberg sitt arbeid med å reformere sosiallovgevinga og med å etablere konsesjonslovene for vasskrafta. Slagstad foreslår til og med at «Castberg kan på mange måter ses som en sosiologisk reformpolitiker, kanskje fremfor alt det» (s. 196). Med utgangspunkt i denne framstillinga kunne ein også kalla venstrestaten eit juridisk eller eit samfunnsvitskapeleg kunnskapsregime.

Ei foreløpig oppsummering av korleis omgrepet kunnskapsregime har blitt brukt av Slagstad, er dermed at dersom ein hadde nytta omgrepet på same måte om dei tre kunnskapsregima, kunne ein ha brukt same karakteristikk på alle. Om ein baserer seg på utdanninga og yrkesbakgrunnen til byråkratar og embetsmenn, kunne ein kalla dei alle for juridiske kunnskapsregime. Legg vi derimot vekt på kva type kunnskap som dominerte, er det vel så rimeleg å kalle dei alle for samfunnsvitskapelege kunnskapsregime. Om arbeidartistatens var eit sosialøkonomisk kunnskapsregime, kan ein sjå på både embetsmannsstaten og venstrestaten som statsøkonomane eller statistikarane sitt kunnskapsregime. Dei reformivrige embetsmennene var juristar, men jussen inkorporerte trua på rasjonell samfunnsstyring frå «den sosialøkonomiske og statistiske sakkyndighet» (Slagstad, 2008, s. 55). Seinare blei slike former for kunnskap om samfunnet utskilt i separate disiplinær med eigne institutt, åtskilde frå jussen og frå kvarandre. Forstått på denne måten ligg skilnaden mellom kunnskapsregima enten i korleis kunnskapen var grunngeven vitskapsfilosofisk, eller i korleis den var institusjonalisert.

EITT KUNNSKAPSREGIME ELLER FLEIRE KUNNSKAPSREGIME?

Om eit kunnskapsregime består av dei tre delane makt, kunnskap og rettsleg normativitet (eller verdi), er det uklart om rettsvitenskapen under embetsmannsstaten stod for *både* kunnskap og rettsleg normativitet. Det same gjeld pedagogikkens rolle: Skal den forståast som vitskapeleg kunnskap, som ei form for (desentralisert) maktutøving, eller som ulike sett med verdier? Med utgangspunkt i slike spørsmål, har historikaren Knut Kjeldstadli (1999) hevda at det er vanskeleg å forsvare omgrepet kunnskapsregime dersom det må innebere «at én vitenskap eller disiplin dominerte innen hver statsform». Kjeldstadli løfta i staden fram biologien som konkurrerande kunnskapsregime til det Slagstad kalte venstrestatens pedagogiske kunnskapsregime.

Spørsmålet blir dermed om fleire kunnskapsregime kan eksistere samtidig – enten som konkurrerande profesjonar som forsøker å bli den dominerande styringsprofesjonen, som kunnskapsregime *utanfor statsapparatet*, eller som kunnskapsregime innan eitt politikkområde. Ein kan tenkje seg fleire døme på dei to første variantane. Eitt mogeleg døme på eit kunnskapsregime utanfor statsapparatet er ingeniørane si kontinuerleg sentrale rolle som

industrielarar, gjennom etableringa av industriføretak som Norsk Hydro og institusjonar som Polyteknisk foreining og seinare forskingsråda. Med sterkare dekning i *De nasjonale strateger* kan ein trekke fram juristane si rolle i samfunnet utover å fylle statlege embete, som tillitsbyggande mellommenn i næringsliv. Eit endå klarare eksempel er Slagstad si framstilling av venstrestaten som eit pedagogisk kunnskapsregime, der nettopp lærarene sine roller som leiarar i og representantar for lokalsamfunna er eit konstituerande element. Ein slik definisjon, som rommar ei breiare samfunnsmessig forankring av kunnskapsregime, opnar i så fall for å inkludere analyser av korleis ulike kunnskapsformer får legitimitet i folket for øvrig, det vere seg gjennom skulegang, media, naboskap, religiøse grupper eller frivillige organisasjonar.

Den tredje varianten, med sektorvise kunnskapsregime som kvar for seg er varierende samansetningar av makt, kunnskap og rett, kunne vore ei mogleg oppsummering etter Slagstads framstillingar av arbeidarpartistaten. Ein kan identifisere eit legedominert kunnskapsregime i helsesektoren, og eit sosialøkonomisk i jerntriangelet mellom Statistisk sentralbyrå, Finansdepartementet og Sosialøkonomisk institutt på Blindern. Ein kunne også løfta fram eit forskings- og militært-industrielt jerntriangel med ingeniørane i Forsvarets forskningsinstitutt, dei militære statsbedriftene og Forsvarsdepartementet (Slagstad, 1998, s. 418), eventuelt saman med Det teknisk-naturvitskapelege forskingsrådet og statsbedriftene. Til slutt kan ein finne eit skulepolitisk kunnskapsregime med Pedagogisk forskningsinstitutt, Forsøksrådet for skoleverket og Kirke- og undervisningsdepartementet (Slagstad, 1998, s. 373ff). I tråd med ei slik forståing av sektorvise kunnskapsregime, har omgrepet kunnskapsregime blitt brukt i studiar av skulen si rolle i nasjonsbygginga. Men her femner omgrepet også endringar i «politiske strømnings, materielle forhold og verdier, kultur og kunnskapshegemonier» og fungerer som synonym for epoke (Telhaug & Mediås, 2003, s. 31). I ettertid har Slagstad (2014b) sjølv brukt omgrepet på liknande vis om «skiftende skoleregimer». Den svenske historikaren og samfunnsforskarer Sörilin (2010) ser også ut til å bygge på ei liknande sektorspesifikk forståing når han, med referanse til Slagstad, definerer kunnskapsregime som «the scientific discipline(s) and scientifically founded assumptions that exercise a hegemonic influence on the policy pursued» (s. 241). Samtidig skil Sörilin seg frå Slagstad ved å skissere eit globalt, og ikkje eit nasjonalt, kunnskapsregime. Og sidan Sörilin konsentrerer seg om miljøpolitikk, er det avgjerande ikkje kor vidt ein disiplin pregar ei epoke eller den samla politikken til ei regjering, men å vise at kva form for vitskap som blir rekna som relevant innanfor eitt politikkkfelt endrar seg. Han argumenterer for at det vitskapelege grunnlaget for miljøpolitikken dei siste tiåra har skifta frå økologi til økonomiske modellar, for deretter å *også* inkludere tilnærmingar frå diplomatiet og samfunnsvitskapelege omgrep om risiko og tryggleik. Han opnar dermed, slik også Slagstad (2015) har gjort meir nyleg, for at eit kunnskapsregime kan vere tufta på fleire disiplinlar på same tid.

«Snarere enn å presisere betydningen, synes han stadig å bli tvunget til å fordoble den,» har det blitt sagt om Foucaults diskursomgrep (Jordheim, 2001, s. 197). Basert på gjennomgangen så langt, passar utsegna like godt på Slagstads kunnskapsregime. Hittil har eg identifisert eit sett med ulike tydingar og bruksmåtar. I ei første tyding kan eit politisk regime vere eit kunnskapsregime dersom det er basert på vitskapeleg kunnskap, eller ved at det består av personar som også har vitskapelege stillingar. Omgrepet kunnskapsregime,

kombinert med ein profesjon eller disiplin som prefiks, kan vidare brukast for å karakterisere eit politiske regime ut ifrå kva slags utdanning politikarane har. Men det kan også beskrive endringar i kva kunnskapsformer som blir rekna som relevante for offentleg politikk, eller kva som blir rekna som gyldige metodar for vitsskapelege undersøkingar. Samtidig blir det på den eine sida nytta for å beskrive endringar i kunnskapssyn innanfor ein disiplin, eller på den andre sida for å skildre endringar i kva slags disiplin som dominerer forståinga av eit politikkområde. Vidare kan det vise til samspelet mellom forskingsinstitusjonar og offentleg politikktutforming. Til sist kan det kanskje også beskrive kva typer kunnskap og profesjonar som er viktige i eit samfunn, også utanom staten.

Alternativt kan ein lese framstillingane av dei skiftande kunnskapsregimene som at stadig meir blir rekna som politisk relevant kunnskap, snarare enn ei historie om kva kunnskapsformer som fell frå og kva som erstattar dei. Slagstad går også sjølv langt i å understreke kontinuitet: «Utviklingen fra embetsmannsstaten via venstrestaten til arbeiderpartistaten markerer stadier i ekspanderende statsmakt» (1998, 223). Forstått slik, ekspanderte statsmakta også ved å femne fleire kunnskapsformer enn den juridiske.

KUNNSKAPSREGIME SOM ORGANISATORISKE FELT

Det er eigentleg berre ei mogleg tolking av Slagstads kunnskapsregimeomgrep vi kan finne igjen i den nyare profesjonssosiologiske og statsvitsskapelege litteraturen om kunnskapsregime: kunnskapsregime forstått som det organisatoriske apparatet som leverer kunnskapsgrunnlaget for utforming av offentleg politikk. I boka *The National Origins of Policy Ideas* (2014) og ein seinare artikkel (2015), definerer Campbell og Pedersen kunnskapsregime som nasjonale «fields of policy research organizations and the institutions that govern them» (s. 3). Kunnskapsregime består, i ein slik forstand, av både statlege og private forskingsinstitutt, tenketankar og eit kobbelt organisasjonar som driv med forskning eller forskingsformidling.

Medan Slagstad sin bruk av omgrepet kunnskapsregime i første rekke var hans grep på Norges moderne historie, er Campbell og Pedersen sitt uttalte formål med omgrepet å knytte saman og utfordre to ulike litteraturar om økonomisk-politiske reformar. Den eine er den såkalla *Varieties of Capitalism*-litteraturen, der antologien med same namn enno står som standardverket (Hall & Soskice, 2001). Denne tok utgangspunkt i forholdet mellom bedrifter og mellom arbeidslivsorganisasjonar for å forklare variasjonar i økonomisk politikk og økonomisk organisering i ulike land.

Campbell og Pedersen vil tilføre at det ikkje berre er føretak og arbeidslivsorganisasjonar som påverkar den økonomiske politikken. Samtidig, hevdar dei, er det ikkje tilstrekkeleg å kombinere denne litteraturen med ei analyse av staten som ein autonom aktør, altså den tilnærminga som blir assosiert med Theda Skocpol og forskingsprogrammet i *Bringing the State Back In* (Rueschemeyer, Evans & Skocpol, 1985). Eit tredje element er naudsynt, nemleg ein analyse av forskingsinstitusjonar, tenketankar og liknande organisasjonar og korleis desse formidlar og diskuterer idear. Campbell og Pedersen presenterer altså *kunnskapsregime* som eit supplement til Hall og Soskice sitt fokus på *produksjonsregime* og til Skocpol sitt fokus på *politiske regime*.

Den andre litteraturen Campbell og Pedersen vil utvide, dreier seg om korleis idear blir spreidde, og då særleg idear om økonomisk styring og nyliberal økonomisk teori. Dei trekk vekslar på arbeidet som er gjort innan kunnskaps- og profesjons sosiologi, mellom anna Marion Fourcade sine sentrale studiar (t.d. 2006) av korleis økonomiprofesjonen blei ein *global* profesjon og dermed la til rette for og prega spreinga av nye økonomiske idear til ulike land. Campbell og Pedersen argumenterer for at Fourcade og andre sine studiar har fokusert for ein sidedig på samfunnsøkonomi som universitetsdisiplin eller på rolla til økonomar i statlege organ (Campbell & Pedersen, 2014, s. 10). Igjen skal grepet med å studere kunnskapsregime bidra til å bøte dette kunnskapsholet, særleg for å forklare kvifor økonomiske idear i varierende grad og på ulike måtar gjer seg gjeldande i ulike land. Det er, hevdar dei, i dei nasjonale felta av forskingsinstitusjonar at økonomiske idear blir skapt, eller introdusert og omforma.

Campbell og Pedersen sin bruk av omgrepet *knowledge regime* bør ikkje lesast som ei vidareføring av Slagstads langt vidare omgrep. Slagstad sitt omgrep kunnskapsregime var, som vi har sett, meint å utvide forståinga av *politiske* regime: Endringar i det politiske regimet har vore akkompagnert av endringar i kva type kunnskap som har dominert. Trass i fleire ulike betydningar, brukar Slagstad gjerne omgrepet om kva for profesjon eller kunnskapssyn som pregar den politiske styringa og det statlege byråkratiet. Hos Campbell og Pedersen viser omgrepet kunnskapsregime derimot utelukkande til eit organisatorisk felt.

Nyansane i det siste punktet er viktig: Dei presiserer at eit kunnskapsregime består av både organisasjonar og dei formelle og uformelle institusjonane som styrer dei – frå lovverk til profesjonars etiske retningslinjer. Like fullt inkluderer dei i utgangspunktet ikkje den statlege sentraladministrasjonen i definisjonen sin. Campbell og Pedersen opererer altså med eit skilje mellom eit felt av organisasjonar som pøser ut idear på den eine sida, og på den andre sida politikarar og byråkratar som i siste instans tar avgjerdene. Medan Slagstad nettopp har det politiske regimet i sentrum, er Campbell og Pedersens kunnskapsregime per definisjon noko anna enn det politiske regimet.

I spenninga mellom desse to perspektiva dukkar også offentlegheita, media og sivilsamfunnet opp på litt ulike måtar hos Campbell og Pedersen og hos Slagstad. I Campbell og Pedersen sin analyse av tenketankar, nemner dei at ein kanal for politisk innverknad er gjennom media. Delvis på grunn av at deira forståing av kunnskapsregime fokuserer på direkte politisk innverknad, går dei ikkje vidare inn på at ein del av tenketankane sitt virke dreier seg om å også påverke opinionen. Likevel er det kanskje ved å eksplisitt sjå på kunnskapsorganisasjonar utanfor statsapparatet, at dei opnar for tenketankane sine måtar å bruke offentlegheita på. Når Slagstad tar utgangspunkt i staten, det politiske regimet, vrir han fokuset vekk frå den breiare samfunnsmessige sirkulasjonen av kunnskapen. Samtidig opnar dei uklare grensene for omgrepet – som særleg ligg i betraktningane om det pedagogiske kunnskapsregimet – for å *også* inkludere dette i studiet av korleis kunnskap, makt og verdiar spelar saman.

Det finst også andre klare skilnader mellom Campbell og Pedersens og Slagstads kunnskapsregime. Campbell og Pedersen sin definisjon er nokså strengt organisatorisk og ikkje ein karakteristikk av ein epoke, eit styresett eller eit kunnskapshegemoni slik omgrepet kan framstå hos Slagstad. Rett nok er Campbell og Pedersen, som Slagstad, opptekne av korleis

kunnskapsregime endrar seg. Dei har som premiss at kunnskapsregime kan variere både over tid og mellom land, og at slike variasjonar samvarierer med korleis idear får innverknad. Men der skiftande kunnskapsregime for Slagstad gjerne er eit spørsmål om «kunnskap om kva», verkar det som spørsmålet for Campbell og Pedersen snarare er «kunnskap frå kven»: For sistnemnde inneber det å endre kunnskapsregime at det skjer ei organisatorisk endring, for eksempel at ein ny tenketank blir oppretta eller at statlege forskingsinstitutt blir meir dominerande enn private. Hos Slagstad kan ein overgang frå eitt kunnskapsregime til eit anna innebere slike endringar *også*, men då nær kopla til at det skjer ei endring i kva slags kunnskap som blir lagt mest vekt på. Campbell og Pedersen (2014, s. 317) brukar derimot ein heimesnekra definisjon av *paradigme* for å skildre slike endringar.

Der Slagstad er ute etter å identifisere rådande kunnskapssyn i ein periode, er eitt av dei klaraste poenga til Campbell og Pedersen snarare at det ikkje finst noko hegemonisk paradigme. Eksempla dei nyttar er to av hovudstrøymingane innan økonomisk teori gjennom det siste århundret, nemleg keynesianisme og dei konkurrerande retningane innan tilbodssideøkonomi og nyliberal økonomisk teori. I éin forstand er dette eit empirisk spørsmål, og Slagstad har også peika på at det er vanskeleg å identifisere noko heilskapleg kunnskapsregime for perioden etter 1970-talet. Skilnaden peikar likevel i retning av ulike føremål med omgrepet: der eitt av føremåla for Slagstad sitt omgrep er å identifisere kva kunnskapsformer som gjeld, er Campbell og Pedersen sitt omgrep meint å skildre dei mekanismane som formidlar ulike kunnskapsformer eller paradigme.

Vidare konsentrerer Campbell og Pedersen seg om *økonomiske* kunnskapsregime, og spekulerer i om kunnskapsregime ser annleis ut på andre politikkkfelt enn den økonomiske politikken. Dermed opnar dei eksplisitt for at fleire kunnskapsregime kan eksistere side om side med kvarandre. Nokre av dei som er inspirerte av Slagstad, og til dels også Slagstad sjølv (2014b), avgrensar også bruken til eitt politikkkfelt, som miljø- eller skulepolitikk. Men medan desse har vore opptekne av at kva for disiplinær som har vore rekna som relevante for politisk styring har endra seg, er ikkje grensegangane mellom ulike disiplinær eit like sentralt tema for Campbell og Pedersen. Slagstad har peika på konfliktar om kva som har skulla til for at ein kan rekne vitskapeleg kunnskap som sann, mest insisterande i samband med positivismestrident. For Campbell og Pedersen derimot, kjem slike spørsmål verken i første eller andre rekke.

Eit vidare poeng hos Campbell og Pedersen er at måten *nasjonale* kunnskapsregime fungerer på er viktig for korleis kunnskap blir spreidd, plukka opp og får prege politiske reformer. Ein sterk versjon av dette argumentet, som boktittelen *The National Origins of Policy Ideas* førespeglar, understrekar at produksjonen av policy-relevant kunnskap føregår nasjonalt og at tenketankar er sentrale i å formidle økonomiske idear til politikarar. Når Campbell og Pedersen på denne måten argumenterer for at slike organisasjonar har vore oversett i forskingslitteraturen, må vi rekne med at dei meiner det er ei unnlatingssynd nettopp fordi desse har vel så stor innverknad som statsadministrasjonen og universiteta. Ein mildare versjon av argumentet dukkar opp når dei diskuterer kor vidt ein kan *måle* innverknaden. Her presiserer dei at dei først og fremst analyserer *korleis* kunnskapsregimene fungerer, og at siktemålet ikkje er å påvise politisk innverknad (2014, s. 276).

KUNNSKAPSREGIMETS GRENSER

Det er her – i vektinga av staten, universiteta og tenketankar og frittstående forskingsinstitutt – at spenninga oppstår mellom korleis Campbell og Pedersen brukar omgrepet, og korleis det blir brukt av dei som har lånt omgrepet frå dei. Samanlikninga av ulike kunnskapsregime er mellom anna teken opp av Johan Christensen, Cathrine Holst og Åse Gornitzka, i eit kapittel om «Knowledge Regimes in the Nordic Countries» i ei innføringsbok om *The Nordic Models in Political Science* (Knutsen, 2017) samt Christensen sin monografi *The Power of Economists Within the State* (2017). Den førstnemnde artikkelen brukar, som tittelen tilseier, omgrepet kunnskapsregime gjennomgåande. I Christensen si samanliknande studie av skattereformar dei siste tre tiåra blir omgrepet brukt meir sporadisk, men får ein sentral plass innleiingsvis og i den avsluttande diskusjonen.

Dei norske samfunnsvitarane tar utgangspunkt i Campbell og Pedersen sin definisjon, men reserverer ikkje omgrepet for tenketankar og forskingsinstitutt. Snarare inkluderer dei universiteta så vel som sentraladministrasjonens fagbyråkratar, direktorata og Norges offentlege utredningar, i tillegg til tenketankar og forskingsinstitutt, i sin bruk av omgrepet kunnskapsregime.

Christensen sin monografi følgjer Campbell og Pedersen sitt argument om at måten kunnskapsinnhentinga er organisert på kan forklare mykje av variasjonen i gjennomføringa av økonomiske reformar. Men for Christensen er det eit hovudpoeng at det er fagbyråkratar i staten snarare enn tenketankar og forskingsinstitutt som har introdusert dei nye ideane som reformane har kvilt på. Økonomar har altså større makt ved å vere ein del av administrasjonen enn i meir frittstående tenketankar.

Dette forklarar Christensen delvis med at andelen økonomar blant dei tilsette i statsapparatet varierer mellom land, delvis med graden av byråkratisk autonomi. Samtidig understrekar han at den byråkratiske autonomien er forsterka av at økonomane tilhøyrer ein universitetsdisiplin og profesjonelle nettverk som strekker seg utover både statsapparatet og landegrensene. Nye idear, hevdar Christensen, er særleg introdusert av økonomar som vender heim etter endt utdanning ved amerikanske universitet.

På eitt nivå kan vi forstå dette som eit empirisk spørsmål: Kor kan ein økonom vente seg å få størst politisk innverknad? Mykje av usemja ligg her. Campbell og Pedersen (2014) er også klare på at grensene mellom kunnskapsregimet og statsapparatet kan vere porøse (s. 31). Det er like fullt også eit konseptuelt spørsmål: Der Campbell og Pedersen tar utgangspunkt i at kunnskapsregimet og det politiske regimet er to ulike organisatoriske felt, opererer Christensen enten med eit anna skilje eller utan å skilje i det heile tatt.

Deler av det som hos Campbell og Pedersen sorterer under *policy-making regime*, reknar altså Christensen, Holst og Gornitzka som ein del av kunnskapsregimet. Samtidig skil dei lag med Campbell og Pedersen, som i praksis avgrensar eit kunnskapsregime til å gjelde eitt politikfelt, idet oversikta over dei nordiske kunnskapsregima tar for seg heile spennet av ulike saksområde. Campbell og Pedersen (2014) legg vekt på at eit kunnskapsregime består av organisasjonar som konstituerer distinkte felt, ved å «engage in similar activities and interact more frequently with one another than with organizations outside the field» (s. 3). Christensen, Holst og Gornitzka (2017) brukar derimot omgrepet kunnskapsregime

om heile spekteret av organisasjonar som skaper og formidler kunnskap til bruk i politiske avgjerdsprosessar, uavhengig av saksfelt.

Dermed nærmar dei seg Slagstad sine måtar å bruke omgrepet: kunnskapsregimet over-skridd grensene mellom statsadministrasjon og forskingsinstitusjonar, og analysenivået er nasjonalt og ikkje eit spesialisert politikkområde. Ein avgjerande skilnad mellom dei to omgrepa for kunnskapsregime står seg likevel. Der dei siste åras politisk-økonomiske og sosiologiske studiar konseptualiserer kunnskapsregime som eit organisatorisk felt, har Slagstad *også* brukt det meir eller mindre synonymt med sanningsregime eller om kva disiplin eller profesjon som er mest framtreddande.

KONKLUSJON

Gjennomgangen av Slagstad sin bruk av omgrepet kunnskapsregime, og samanlikninga med den nyare bruken innan politisk økonomi og sosiologi, viser at bruken av omgrepet er prega av noko av det same som han har kritisert den siste maktutgreiinga for, nemlig «dens utematiserte glidning mellom begreper som «premissmakt», «kunnskapsmakt», «ekspertmakt» og «profesjonsmakt» (2014a, s. 41). Slagstad brukar omgrepet kunnskapsregime på så mange måtar, at det inkluderer alle desse omgrepa frå maktutgreiinga – og langt meir. Når bruken av omgrepet skiftar mellom å karakterisere regjeringar, skiftande verdsbilete innad i disiplinær, ulike epokar og konkurrerande forståingar av sanning og relevant kunnskap, må det nyttast i kombinasjon med meir spissa omgrep for å unngå å skape meir forvirring enn oppklaring.

Om ein likevel skal halde fast ved Slagstad sitt omgrep om kunnskapsregime, foreslår eg eit skilje mellom to hovudmåtar å bruke det på. På den eine sida har vi dei konkrete samanhengane omgrepet blir brukt i, om embetsmannsstatens juridiske, venstrestatens pedagogiske og arbeidartarpartistatens positivistiske eller sosialøkonomiske kunnskapsregime, eller for den saks skuld Campbell og Pedersen sin definisjon av kunnskapsregime som organisatoriske felt. Her trer dei mange ulike tydingane fram i så stor grad at ein kanskje kan snakke om fleire omgrep heller enn om variasjonar over eitt omgrep. I og med at ordet kunnskapsregime har blitt brukt i eit mangfald av ulike tydingar og på ulike analytiske nivå, kan ein neppe bruke det aktivt utan å måtte ty til stadige presiseringar. På den andre sida kan ein forstå kunnskapsregime som eit meir overordna, ope omgrep, som ei innramming av historisk-sosiologiske undersøkingar av forholdet mellom vitskapeleg ekspertise og politiske regime.

Dei fleste omgrep, også mange av dei mest brukte teoretiske verktøya, er mangetydige. Leo Marx (1997) har for eksempel karakterisert teknologi som eit *hasardiøst* omgrep: Det er eit nyttig og nærmast uomgjengeleg omgrep sjølv om det er notorisk sleipt å gripe, delvis fordi grensene for fenomenet det skildrar også er uklare. Sjølv om omgrepet kunnskapsregime i motsetnad til teknologi er eit reint analytisk omgrep, konstruert av Slagstad og ikkje av aktørane han skildrar, gjeld noko av det same her: Kva som blir rekna som eitt politikkfelt er foranderleg, og kva kategoriar av organisasjonar og kunnskap som kan knytast til det kan endre seg. Sjølv om Campbell og Pedersen opererer med eit meir avgrensa og handterbart omgrep for å skildre og analysere kunnskapsregime som organisatoriske felt,

kan det ustadige ved felte hamne i bakgrunnen. Fordelen til det meir fleirtydige omgrepet til Slagstad kan dermed vere at det er ope for at samspelet mellom kunnskap og politikk er omskifteleg. Kanskje er det som eit slikt idiom eller medvite fleksibelt omgrep vi best kan forstå, og bruke, Slagstads kunnskapsregime.

REFERANSER

- Campbell, J. L. & Pedersen, O. K. (2014). *The National Origins of Policy Ideas: Knowledge Regimes in the United States, France, Germany, and Denmark*. Princeton: Princeton University Press.
- Campbell, J. L. & Pedersen, O. K. (2015). Policy ideas, knowledge regimes and comparative political economy. *Socio-Economic Review*. doi: 10.1093/ser/mwv004
- Christensen, J. (2017). *The Power of Economists within the State*. Stanford: Stanford University Press.
- Christensen, J., Gornitzka, Å. & Holst, C. (2017). Knowledge Regimes in the Nordic Countries. I O. Knutsen (red.), *The Nordic Models in Political Science: Challenged, but still Viable?* Bergen: Fagbokforlaget.
- Foucault, M. (2002 [1970]). *The Order of Things: An Archaeology of the Human Sciences*. London: Routledge.
- Foucault, M. & Gordon, C. (1980). *Power/Knowledge: Selected Interviews and other Writings 1972-1977*. Brighton: Harvester Press.
- Fourcade, M. (2006). The Construction of a Global Profession: The Transnationalization of Economics. *American Journal of Sociology*, 112(1), 145-194. doi: 10.1086/502693
- Hall, P. A. & Soskice, D. W. (2001). *Varieties of Capitalism: The Institutional Foundations of Comparative Advantage*. Oxford: Oxford University Press.
- Heiret, J., Ryymin, T. & Skålevåg, S. A. (2013). *Fortalt fortid: Norsk historieskriving etter 1970*. Oslo: Pax.
- Jakobsen, K. (1994). «Efter oss kommer overfloden»: Teknokratisk moderniseringsideologi i norsk politikk og samfunnsvitenskap 1917-1953. Hovudoppgåve. Oslo: Universitetet i Oslo.
- Jasanoff, S. (2004). *States of Knowledge: The Co-production of Science and Social Order*. London: Routledge.
- Jenssen, D. (1999). Normative trekk og hovedbegreper hos Slagstad. I E. Rudeng (red.), *Kunnskapsregimer: Debatten om De nasjonale strateger*. Oslo: Pax.
- Jordheim, H. (2001). *Lesningens vitenskap: Utkast til en ny filologi*. Oslo: Universitetsforlaget
- Katznelson, I. (1996). Knowledge about what? Policy Intellectuals and the New Liberalism. I D. Rueschemeyer & T. Skocpol (red.), *States, Social Knowledge, and the Origins of Modern Social Policies*. Princeton: Princeton University Press.
- Kjeldstadli, K. (1999). Biologiens tid. Randbemerkninger om viten og venstrestat. I E. Rudeng (red.), *Kunnskapsregimer: Debatten om De nasjonale strateger*. Oslo: Pax.
- Knutsen, O. (2017). *The Nordic Models in Political Science: Challenged, but still Viable?* Bergen: Fagbokforlaget.
- Marx, L. (1997). Technology: The Emergence of a Hazardous Concept. *Social Research*, 64(3), 965-988.

- Masterman, M. (1970). The Nature of a Paradigm. I I. Lakatos & A. Musgrave (red.), *Criticism and the Growth of Knowledge*. Cambridge: Cambridge University Press.
- Messel, J. & Slagstad, R. (2014). *Profesjonshistorier*. Oslo: Pax.
- Molander, A. & Terum, L. I. (2008). *Profesjonsstudier*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Rudeng, E. (red.) (1999). *Kunnskapsregimer: Debatten om De nasjonale strateger*. Oslo: Pax.
- Rueschemeyer, D., Evans, P. B. & Skocpol, T. (1985). *Bringing the State Back In*. Cambridge: Cambridge University Press.
- Rueschemeyer, D. & Skocpol, T. (red.) (1996). *States, Social Knowledge, and the Origins of Modern Social Policies*. Princeton, N.J.: Princeton University Press.
- Seip, J. A. (1963). *Fra embedsmannsstat til ettpartistat*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Sejersted, F. (1993). Norsk historisk forskning ved inngangen til 1990-årene. Et oppgjør med den metodologiske individualisme. I F. Sejersted (red.), *Demokratisk kapitalisme*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Skirbekk, G. (1999). Omgrepet «kunnskapsregime» som grep om [ei tolking av] norsk modernisering. I E. Rudeng (red.), *Kunnskapsregimer: Debatten om De nasjonale strateger*. Oslo: Pax.
- Slagstad, R. (1998). *De nasjonale strateger*. Oslo: Pax.
- Slagstad, R. (2004). Shifting Knowledge Regimes: The metamorphoses of Norwegian reformism. *Thesis Eleven*, 77(1), 65-83.
- Slagstad, R. (2008). Profesjoner og kunnskapsregimer. I A. Molander & L. I. Terum (red.), *Profesjonsstudier*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Slagstad, R. (2014a). Profesjonene i norsk samfunnsforskning. I R. Slagstad & J. Messel (red.), *Profesjonshistorier*. Oslo: Pax.
- Slagstad, R. (2014b). Skiftende skoleregimer. *Manifest tidsskrift*. Retrieved from manifesttidsskrift.no website: <http://www.manifesttidsskrift.no/skiftende-skolepolitiske-regimer/>
- Slagstad, R. (2015). Forord til 2015-utgaven av *De nasjonale strateger*. Oslo: Pax.
- Sörlin, S. (2010). Exiting the Environmental Trap: Knowledge Regimes and the Third Phase of Environmental Policy. I S. Helgesson (red.), *Exit: Endings and New Beginnings in Literature and Life*. Amsterdam: Editions Rodopi.
- Telhaug, A. O. & Mediås, O. A. (2003). *Grunnskolen som nasjonsbygger: Fra statspietisme til nyliberalisme*. Oslo: Abstrakt.
- Thue, F. W. (2016). En modernist krysser sitt spor – Jens Arup Seips nittende århundre. *Historisk tidsskrift*, 95(02), 209-244. doi: 10.18261/issn.1504-2944-2016-02-02
- Østerud, Ø., Engelstad, F. & Selle, P. (2003). *Makten og demokratiet: En sluttbok fra Makt- og demokratiutredningen*. Oslo: Gyldendal Akademisk.
- Aakvaag, G. C. (2011). Å sette samtiden på begrep: Noen utfordringer for en samtidsdiagnostisk sosiologi. *Sosiologisk tidsskrift*, 19(03), 259-281.